

## Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 03.09.2015

### SAKLISTE

- DELEGASJONSSAKER
- SKRIV OG MELDINGAR
- GRATIS KJERNETID FOR 4 OG 5 ÅRINGAR OG BARN MED UTSETT SKULESTART I HUSSTANDAR MED LÅG INNTEKT
- KVALITETSMELDING FOR OPPVEKSTSEKTOREN 2015
- GRATIS BARNEHAGE- OG SFO-TILBOD TIL BARN MED FØRESETTE I INTRODUKSJONSORDNINGA
- ENDRING I EIGEDOMSSKATTELOVA. EIGEDOMSBSKATNING AV ARBEIDSMASKINER MV. I VERK OG BRUK
- REGLEMENT OG REGULATIV FOR FOLKEVALDE - REVISJON 2015
- OVERORDNA ROS-ANALYSE - REVISJON 2015
- SLETING AV EIGNE STANDARDVILKÅR FOR KOMMUNALT NÆRINGSFOND
- OPPNEMNING AV VALNEMND 2015
- HØYRING PÅ KONSESJONSØKNAD FOR KRAFTLINER FRÅ DALSBOTNFJELLET VINDKRAFTVERK TIL FRØYSET TRANSFORMATORSTASJON.
- REGULERING AV INVESTERINGSBUDSJETTET 2015
- SAL/UTLEIGE AV SØRE DEL AV BREKKE FERJEKAI TIL PARKERING OG SLAMAVSKILJAR
- GODKJENNING AV DETALJREGULERING FOR FRYSELAGER OG PARKERING PÅ GBNR. 95/290 BYRKNESØY
- GODKJENNING AV DETALJREGULERING FOR PRESTESUNDET BUSTADER PÅ GBNR. 15/83,15/39 EIVINDVIK
- REGIONAL PLAN FOR VASSREGION HORDALAND 2016-2021. HØYRING
- SAMARBEIDSMODELL FOR BRANN- OG REDNINGSTENESTE I BERGENSREGIONEN. SØKNAD OM PILOTSTATUS.
- SLETING AV EIGNE RETNINGSLINER FOR TILDELING AV STARTLÅN
- GBNR. 91/1 MJØMNA. DETALJREGULERING FOR MJØMNA BOBIL CAMP OG BÅTFERIE - GODKJENNING
- BREKKE BARNEHAGE OG SKULE. BYGGING AV KLATREPARK. REVIDERT AVTALE.

Stad og tid: Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik kl. 10.00. Sakstilfanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på internett:

[www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no)

Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.

Alle er velkomne.

## Frå ordføreren

Sjølv om det har vore ein grå og kald sommar så langt, har det likevel vore mykje som har varma denne sommaren.



Sommarbåten si vitjing på Skjerjehamn var ei fantastisk oppleving. Bileta frå turen Høyanger til Skjerjehamn var ei framvisning av det flottaste vi har av natur her i landet, og med god guiding frå Espen Selvik vart det ei særskild god reklame for Gulen. Og med så mange folk og båtar som hadde møtt opp på Skjerjehamn gjorde at dette vart ein minnerik kveld.

Utkantfestivalen toppa seg nok ein gong i år med publikumsrekord, og med eit fantastisk godt program. Dette fekk også god dekning i pressa og gjer til at heile kommunen får positiv omtale, og eit omdømme vi alle set pris på og fortener.

Og no i haust under Landsskyttarstevna på Lesja gjorde våre skyttarar det svært godt, særleg dei unge. Lokalavisa var så imponert at den føreslo å ta Sauerens inn i kommunevåpenet. Det var fleire som hevda seg heilt i Norgestoppen, ja endåtil fekk vi to Norgesmeistrar frå klubbane i kommunen. Gratulerer til alle, de er med på å sette Gulen på kartet på ein positiv måte.

Eg vil også takke alle dei frivillige som er med anten som trenarar eller foreldre og brukar mest all fritid på dette de brenn for. Det er veldig viktig, og det som gjer at vi oppnår desse resultatene.

Vi har jobba aktivt i kommunen i seinare tid med omdømmebygging, og freista synleggjere kor flott kommunen vår er til å bu og vekse opp i, og at vi kan bu landleg og likevel ha kort veg til byen. Vi har gode barnehagar og skular, og gode kommunale tenester på mest alle felt. Dette må vi få fram i møte med dei unge. Vi har nettopp fått laga ei brosjyre der vi fokuserer på dette med kvaliteten av å bu her.

Den tykkjer eg er fin å ha med seg på stand i møte med ungdom og få distribuerer den elles òg. Men mykje betre enn alle brosjyrer er den innsatsen dei unge gjer på idrettsbana, på skytebane, i korpset, fotballen og viser på den måten kor gode oppvekstvilkår vi har her i kommunen.

Den 14. September er det kommune- og fylkestingsval, der det skal veljast nytt kommunestyre. Eg tykkjer desse fire åra har gått fort, og det tyder på at det har vore eit interessant verv eg har hatt. Det har vore ei stor glede og ære å få representere denne flotte kommunen vår.

Eg vil oppfordre dykk alle til å bruke stemmeretten dykkar og være med på å bestemme over dykkar eigen kvardag. Godt val til dykk alle.

Hallvard Oppedal  
Ordførar

## Plan-nytt

Nærare informasjon finn du på heimesida

[www.gulen.kommune.no/planar-og-prosjekt](http://www.gulen.kommune.no/planar-og-prosjekt)

I dag pågår 11 arealplanar, blant anna følgjande:

### Reguleringsplanar

Planarbeid pågår for:

2008001 Taskebotn hytter  
2009005 Dingeneset sør hyttegrend  
2011001 Storevågsneset, Brandanger  
2013003 Gulen industrihamn, reguleringsendring  
2014002 Brandanger gbnr. 75/1,3,5 spreidd bygg

### Planoppstart med planprogram

2014006 Oppdrettsanl. Ortneset, Brekke  
2014003 Veg Skipavika – Brandangerbrua Fv4

### Planforslag til revisjon etter høyring:

2010008 Nappen hyttefelt, Mjømna  
2014004 Mjømna bobil camp og Båtferie

### Planar til Godkjenning

2014005 Prestesundet Bustad, Eivindvik  
2015001 Fryselagar Byrknes Kalvøyna

### Anna plan-nytt

Andre gongs handsaming av regionale planar for vassregion Nordhordland

## Prosjekt-Nytt

Forprosjekt for symjehall på Dalsøyra, alternativplassering rundt skule pågår.

Vurdering av alternativ for plan vedk. tiltak snuplass Byrknes skule.

Vassforsyning søre Gulen, Sløvåg.

## Nye innbyggjarar til Gulen

I løpet av hausten kjem det fleire nye syriske flyktningar til Gulen. I midten av september kjem ein ung mann til Eivindvik, og me jobbar med å få informasjon om kven som skal flytte inn i nye husvære på Byrknes i oktober. Eg håpar at dei som kjem i år vil bli tatt like godt imot som dei to familiane som kom til Eivindvik i fjor haust.

Kommunen er framleis på utkikk etter husvære i nærleiken av dei fire bygdesentera våre, og håpar at dei som eventuelt har noko ledig vil ta kontakt med flyktningkonsulenten. Alle flyktningar som vert busett får tett oppfølging i heimen.

Eirik Magnar Høydal  
Flyktningkonsulent

[eirik.hoydal@gulen.kommune.no](mailto:eirik.hoydal@gulen.kommune.no)  
57 01 63 36

## Nytt kommunenamn?

Ein eventuell ny kommune beståande av Solund, Gulen og Masfjorden treng eit flott namn. Har du forslag ?

I arbeidet med kommunereforma vert det arbeidd slik at for kvar av utgreiingane vi er med i så skal det utarbeidast ein intensjonsavtale. Her skal grunnprinsippa på plass rundt korleis ein tenker seg ein ny kommune organisert. Ein intensjonsavtalen må m.a. ha forslag til nytt kommunenamn.

Gode forslag vert motteke med takk. Send inn ditt forslag til

[kommunereform@gulen.kommune.no](mailto:kommunereform@gulen.kommune.no)

Kommunane Solund, Gulen og Masfjorden skal etter planen handsame sin intensjonsavtale i oktober 2015.

I Nordhordland-alternativet vil ein intensjonsavtale først komme etter nyttår.

## Skule og barnehagerute 2015-16 med planleggingsdagar

### August

Første skuledag: måndag 17. august

### September

### Oktober

Haustferie måndag 5. til fredag 9. oktober (v41)

### November

Måndag 16. november er avspaseringsdag for elevane

### Desember

Siste skuledag før jul: fredag 18. desember

### Januar

Første skuledag: Måndag 4. januar

### Februar

Vinterferie: 15. februar – 19. februar (veke 7)

### Mars

Siste skuledag før påske: fredag 18. mars  
Første skuledag etter påske: tysdag 29. mars

### April

### Mai

Elevfri dag 6. mai

### Juni

Siste skuledag: fredag 17. juni

### Planleggingsdagar skule

Skulane disponerer planleggingsdagane sjølve, men det skal setjast av tid til to kommunale ettermiddagssamlingar på 3 timar kvar. I tillegg skal HAFS-regionen ha 16. november som ein felles kompetansedag både for skule og barnehage. Denne dagen skal elevane avspasere.

### Planleggingsdagar barnehage

Fredag 14. august  
Måndag 5. oktober – felles kommunal planleggingsdag for barnehagane  
Måndag 16. november – felles kompetansedag i HAFS-regionen  
Måndag 4. januar  
Fredag 6. mai



## Spelemiddel 2016

Lag og organisasjonar som planlegg å søke om spelagjelar til idrettsanlegg i 2016 bør ta kontakt med kulturkonsulenten raskast mogleg for å få hjelp og rettleiing i søknadsprosessen. Fristen for å få søknaden inn til kommunen er 1. november 2015.

Andre tilskotsordningar som har søknadsfrist no på hausten er:  
Sparebankstiftinga- 1. september  
Gjensidigestiftinga- 15. september  
Storebrand- 1. oktober

## Gulatingsprisen 2015 og frist for innspel

Den aller første Gulatingsprisen vart delt ut 11.12.2008.

Også i år ynskjer Gulen kommune å få forslag til kandidatar til Gulatingsprisen. Føremålet med prisen er i følgje statuttane å: "Gje honnør til lag, verksemder, institusjonar eller einskildpersonar som siste året eller over lengre tid har gjort ein ekstra innsats for å utvikla næringslivet og eller lokalmiljøet i Gulen, enten gjennom eiga verksemd og/eller ved å leggja tilhøva til rette for andre".

Kven synest du fortener Gulatingsprisen?

Grunngjevne forslag sender du til Gulen kommune, Eivindvikveien 1119, 5966 Eivindvik

Frist for innspel er 08.11.2015  
Formannskapet vurderer føreslegne kandidatar og prisen vert tildelt i kommunestyremøte 10.12.2015.

## Diverse om hjortejakta 2015

- Informasjon vedk. sal av kommunale hjorteløyve vert kunngjort på Gulen kommune sine heimesider så snart dette er klart
- Informasjon om jegerprøve og jegerprøveeksamen, i tillegg til anna praktisk informasjon om hjortejakta, vert òg lagt ut på heimesida fortløpande

### **Utstysdepot i Eivindvik**

1. september opnar vi eit utstysdepot i gamle kommunehuset, 3. etg. i Eivindvik. Her kan du levere fint brukte klede, sportsutstyr og småbornsutstyr som du tenkjer andre kan ha glede av, eller du kan komme og sjå om det er noko du har bruk for.

For å setje i stand depoet arrangerte vi ein dugnad måndag 17. august. Takk til alle som var med og hjalp til!

Vi tek i mot klede og utstyr frå 17. august til 1. september, og tek oss rett til å kvitte oss med det vi ser blir ståande over tid.

Kan du tenke deg å vere med på å halde depoet opent eit par timar, gje beskjed. Når depoet er opent vil ein òg kunne nytte biblioteket som har fått på plass sjølvbetjeningsportal.

### **Konfirmantar som frivillige**

Vi har fått ein avtale med konfirmantane som går ut på at dei skal yte 8 timar kvar til frivillig arbeid gjennom førebuingssfasen sin. Konfirmantane får ein meny der dei kan velje tenester som dei synest er kjekke. Eg blir med dei på deira fyrste samling 19. september der dei får informasjon og hjelp til å velje. Denne avtalen vil sikre frivillig arbeid spreidd rundt i heile kommunen, og vi kan få til mange bra ting i løpet av eit år. Har du ynskjer er det berre å melde frå, så kjem det med på menyen. Det vi ikkje kan formidle er tenester andre kan tene pengar på, men eg kan hjelpe å formidle kontakt.

### **Integrering på Byrknesøy**

Det er planlagt busetjing av flyktningar på Byrknesøy i løpet av hausten, og Frivilligsentralen vil hjelpe lag og organisasjonar til å få på plass integreringstiltak i sine aktivitetar. At dei som kjem skal gjennomføre introduksjonsprogrammet i Eivindvik, vil medføre at frivillige må ta litt ekstra initiativ til å få dei med i lokalsamfunnet på fritida deira. Dei blir ikkje så naturleg kjende som om dei hadde hatt all aktivitet på Byrknesøy. Enkelte bedrifter i området har svært mange utanlandske arbeidarar, desse ynskjer ein og få med i lokalsamfunnet. Noko ut i september kjem Frivilligsentralen,

saman med flyktningkonsulent, til å halde eit møte saman med lag, organisasjonar og enkelte bedrifter i området, der tema blir integreringstiltak.

### **Bygdemøter**

Utover hausten ynskjer eg komme ut i alle bygdene og møte laga i området. Det er nyttig å høyre kva som er aktuelt i dei ulike bygdene, kva som opptek dykk og ev. kva utfordringar som finnast?

Og skal laget ditt ha møte kjem eg gjerne og deltek.

### **Møteplassar**

Målet er å få etablert møteplassar i alle krinsane. Der skal det vere lett for kven som helst å stikke innom, ta ein kopp kaffi og kanskje få seg ein vaffel. Dei som er mykje heime kan ha stor glede av å ha ein plass der ein møter andre for ein liten prat. Finnast det eit tilbod i krinsen som kan vidareutviklast med dette føremålet? Kom med innspel!

### **Teknologi**

Dagens samfunn har mykje flotte teknologiske hjelpemidlar, men ein del vegrar seg for nye ting. Ei har meldt seg som frivillig dersom vi lagar til datakurs for seniorar. Dette er noko eg ynskjer få i gang, og tenkjer starte i Brekke. Der har det vore halde datakurs, så nokon er i gang. Andre kan litt men er usikre. Ved å møtast ein kveld i veka kan ein få hjelp til det ein ynskjer, om det er nettbank, e-post, nyhende, Facebook, osv. Smarttelefonar og nettbrett er òg nyttige reiskap mange er nysgjerrige på, og med litt rettleiing kan kven som helst meistre dette.

Kom gjerne med innspel om du ynskjer bidra eller har tankar om korleis dette kan gjennomførast.

### **Trening**

Frå hausten ser det ut som vi får eit nytt treningstilbod i Eivindvik, to friske damer ynskjer starte opp trening i Eivindvik. Det blir av type sirkel/stasjonstrening, og målgruppa er deg 😊

Ynskjer du vere frivillig? Ta kontakt, det er alltid noko lite ein kan gjere for å glede andre!

Vivian Våge  
Dagleg leiar for Gulen Frivilligsentral

## Teater



Ynskjer du å sjå Julia Bache Wiig i teaterstykket «Forbrent» men treng reisefølge, transport eller litt hjelp?

Ta kontakt med Gulen Frivilligsentral så kan du vere med på fellestur! Vi kan ta med grupper på inntil 8 stk og hjelper med det som trengs på turen.



Teateret blir spelt på Den Nasjonale Scene i Bergen frå 12. september.

Ved interesse tek Frivilligsentralen seg av bestilling av billetter og samorganisering for å samle dei som ynskjer reise.

Ring Vivian Våge på 57 78 20 66 eller 926 22 607 om du vil vere med.

## Kunstutstilling i Eivindvik

Frå 22. august vert det utstilling i Herresalen i det gamle kommunehuset.

Algimantas Stanislovas Kliauga frå Litauen stiller ut måleri - der nokre er laga under eit opphald på Vestlandet sommaren 2012 - og nokre vart laga i forkant av denne utstillinga i Gulen.

Motiva er frå gamle kultursymbol, m.a. krossen i Eivindvik og frå Gulatingsstaden - i tillegg til bilete frå lokalmiljøet i Gulen.

Algimantas Stanislovas Kliauga er fødd i 1943 i byen Rokiskis i Litauen. Han er utdanna ved Lithuanian State Art Institute i 1968 og har vore medlem av det Litauiske Kunstnarforbund frå 1980. Han har delteke i utstillingar i Tyskland, USA, Canada, Bulgaria, Ungarn, Polen, Australia,

Russland, Forenede Arabiske Emirater, Israel og i Bergen i 2013. Bileta hans er innkjøpt av museum, offentlege institusjonar, bankar, hotell og mange private samlarar, m.a. i Norge.

Utstillinga vert arrangert i samarbeid med Tusenårsstaden Gulatinget.

Velkomen!

## Ut på tur!

Me satsar på å få ein vakker haust med mange fine opplevingar ute i naturen. Du har framleis høve til å få med deg både soppkurs og fellesturar for store og små saman med Ytre Sogn Turlag. Plukk opp eit turpass på kommunehuset i Eivindvik, Joker på Brekke eller Bunnpris i Sløvåg og samle inn minimum seks klipp frå dei ulike fjellpostane så er du med i trekninga av premie. Meir informasjon finn du i turpasset.

## TV-aksjonen 2015 Vi skal vokte regnskogen

TV-aksjonen NRK 2015 går til Regnskogfondet sitt arbeid med å redde regnskog i nært samarbeid med dei menneska som bur der. Midlane fra TV-aksjonen skal redde eit regnskogsområde større enn heile Norge og Danmark til saman.

Menneska som lev i regnskogen er dei som vert hardest ramma når regnskogen vert øydelagt. Samtundes er det desse menneska som tek vare på regnskogen for oss alle – for kloden og vår felles framtid.

Midlane frå TV-aksjonen skal gi urfolk verktøy til å stå imot presset utanfra og til å kunne fortsette å leve eit godt liv i regnskogen.

For meir informasjon om tv-aksjonen les her <http://www.blimed.no/>



## Haustrydding 2015



Ordninga er for private hushald, ikkje næringskundar, og gjeld for dei som bur langt i frå gjenvinningsstasjonane våre.

Sorter avfallet og set det ut før kl. 07.00 der du vanlegvis set ut dunkane dine. Fjern ting som ligg lagra i nærleiken som ikkje skal hivast. Legg ulikt avfall kvar for seg og på fast underlag. NB! Kvitevarer må ikkje innehalda boss.

### Henteruter:

#### Gulen Nord, inkludert Hisarøy

Laurdag 3. oktober  
Byrknes, Brekke, Oppedal, Kringla, Gulen - nord for tunell ved Leversund bru, Leversund-Austgulen.

#### Gulen, Masfjorden

Laurdag 10. oktober  
Gulen sør for tunell ved Leversund bru, Ynnesdalen, Masfjorden unnateke Andvik-Andås.

#### Dette kan du levera på rydderutene

Metall, reint trevirke, restavfall, elektrisk og elektronisk (EE) avfall

#### Dette kan du ikkje levera

Farleg avfall, glas- og metallemballasje (eigne returpunkt), hageavfall, bilmotorar og bildekk, større mengder byggings- og rivingsmateriell (meir enn 1 m<sup>3</sup>), eternit/asbest, isolerglas og trykkimpregnert materiale - sjå eiga henterute.

### Arrangement

Sesongavslutning på Gulen fiskarbondemuseum- laurdag 5. september kl. 14-17.  
Open dag i Sellevåg treskofabrikk- søndag 13. september kl. 13-16.

### Sal av annonseplass

For annonseplass ta kontakt med ekspedisjonen tlf. 57 78 20 00, eller [postmottak@gulen.kommune.no](mailto:postmottak@gulen.kommune.no)

## Eivindvik Tannklinikk

Vi har fått tannpleiar ved Eivindvik Tannklinikk, og har i det høve fått ein del spørsmål om kva ein tannpleiar gjer.

Ein tannpleiar behandlar pasientane sine tenner og tannkjøtt, og gir rettleiing i god munnhygiene og gode tannhelsevanar.

Ein tannpleiar:

- foretek tannhelsekontrollar
- tek røntgenbiletar og granskar desse
- undersøkar og behandlar pasientar
- gir veileiing i gode munnhygienevanar og i bruk av tannpleiemidlar
- set lokalbedøvelse, behandlar tannkjøttsjukdomar og utfører tannrens
- fjernar tannstein og misfarging på tenner, pussar og polerar tenner og ordnar fyllingar
- diagnostiserar karies (hol i tenna) og henviser til tannlege om nødvendig

Om du ynskjer time hjå oss, ta kontakt med Eivindvik tannklinikk på tlf 57 78 42 38.



- Taxi
- Rullestol
- Minibuss

**Tlf. 577 83 100**



## Hugs å sjekke om du står i manntalet!

Hugs å sjekke om du står i manntalet! Du står i manntalet i den kommunen der du var registrert som busett 30. juni 2015 i folkeregisteret. Har du flytta, er det framleis adressa per 30. juni som avgjer kva for ein kommune du har røysterett i.

Manntalet for Gulen kommune ligg ute til ettersyn ved ekspedisjonsavdelinga på kommunehuset. Du kan elles kontakte ekspedisjonen på tlf 57 78 20 00 dersom du er usikker på om du står oppført i manntalet.

## Retting av feil i manntal

Etter vallova § 2-7 kan ein krevje retting av manntal dersom ein sjølv eller annan uriktig er blitt innført eller utelatt frå manntalet i kommunen. Krav om retting må vere skriftleg og grunna, og skal sendast til valstyret i Gulen kommune.

## Førehandsrøysting

Førehandsrøystinga er no kome i gong og vil halde fram til og med 11. september. Førehandsrøystinga finn stad ved ekspedisjonsavdelinga i Gulen kommune kvar arbeidsdag mellom kl 09.00 og 15.00.

## Manglar du valkort?

Kommunen har motteke ein del valkort i retur. Ein grunn til dette er ufullstendige adresser. Andre grunnar kan være at innbyggjarar har flytta og at ettersendelses-perioden er utløpt. Det er imidlertid ikkje eit krav om å ha med valkort når du skal røyste, så om du ikkje har fått valkortet ditt eller du har mista dette, kan du likevel røyste!

## Langdag ved kommunehuset

Torsdag 10. september vert det halde langopent til kl 18.00 ved kommunehuset. Det vil då vere høve til å førehandsrøyste utover normal arbeidstid.

## Institusjonsrøysting – ope for alle

I tillegg til ordinær førehandsrøysting på kommunehuset vert det førehandsrøysting for alle interesserte på sjukeheimen samt bu- og omsorgssentra desse datoane:

Stad	Dato	Tid
Gulen sjukeheim	fredag 4. september	kl 11.00 – 13.00
Eivindvik bu- og omsorgssenter	laurdag 5. september	kl 10.00 – 13.00
Byrknes bu- og omsorgssenter	laurdag 5. september	kl 10.00 – 13.00
Dalsøyra bu- og omsorgssenter	laurdag 5. september	kl 10.00 – 13.00
Brekke bu- og omsorgssenter	laurdag 5. september	kl 10.00 – 13.00

## Heimerøysting

Dersom du ikkje kan komme til eit vallokale fordi du er sjuk eller ufør, kan du søkje valstyret i Gulen kommune om å få røyste heime eller der du held til. Ved heimerøysting vil to valmedarbeidarar frå kommunen kome til veljaren med eit "minirøystelokale" med røystesetlar, valurne og alt anna som trengs. Dei som røyster heime må hugse å ha legitimasjon tilgjengeleg.

### Søknadsfristen for å få røyste heime er onsdag 9. september.

Det er ingen formelle krav til innhaldet i søknaden, men det må gå fram av søknaden at veljar er sjuk eller ufør og derfor ikkje er i stand til å førehandsrøyste ein annan stad.

### Søknad sendast anten:

skriftleg til:  
Gulen valstyre  
Eivindvikvegen 1119  
5966 Eivindvik

per telefon 57 78 20 00 eller epost til [postmottak@gulen.kommune.no](mailto:postmottak@gulen.kommune.no)

## Røysting på valdagen 14. september 2015

Røystetid på valdagen er kl. 10.00–18.00 i alle krinsane.

På valdagen den 14. september skal du røyste i den kommunen der du var registrert i folkeregisteret som busett 30. juni 2015. I tillegg bør du røyste ved den valkrinsen som er oppført på valkortet ditt.

Her er eit oversyn over valkrinsane i Gulen ved kommunestyre og fylkestingsvalet 2015:

Krins	Røystestad
Brekke	Risnehall samfunnshus
Byrknes	Byrknes skule
Dalsøyra	Dalsøyra samfunnshus
Eivindvik	Administrasjonsbygget/kommunehuset



## Meir informasjon om valet

Meir informasjon om kommunestyre- og fylkestingsvalet finn du ved å gå inn på [www.valg.no](http://www.valg.no) eller [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no)

**Godt val!**